



Årsmøte 2021

FLORØ SK HANDBALL HANDLINGSPROGRAM 2021-2026

Florø SK Handball sitt handlingsprogram for perioden er basert på

- Florø SK Handball sine 16 bod for den sportslege drifta av Florø SK Handball

Verdiar:

1. Vi har plass til alle.
2. Fair play-verdiar og omtanke for sunn helse skal ligg i botn for alt vi gjer. Vi spelar og driv klubben etter norsk handball sine verdiar; «Begeistring, innsatsvilje, respekt og fair play.»
3. Dei yngste skal leike seg til handballglede og ferdigheiter. På barnestadiet oppmuntrar vi til allsidige aktivitetar og til deltaking i andre idrettar og.
4. Trenarane skal leie laga sine med positivitet og optimisme. Korreksjonar skal i størst muleg grad vere positivt ladda. Personleg kritikk frå benken i andre sitt påhøyr er ikkje lov - spesielt ikkje i yngre årsklasser. Men det skal sjølvstøtt vere lov til å seie frå om nokon oppfører seg dårleg eller destruktivt. Om det er sjanse til det tek vi dei då ut av gruppa og snakkar dei til rette på tomannshand.
5. Vi, ungane /ungdommane og trenarane/leiarane, skal stå fram på ein positiv måte på bana og elles. Og det på eit vis som gjer at foreldre, klubb, sponsorar og lokalsamfunn kan vere stolte av oss.
6. Vi hjelper kvarandre med mannskap frå yngre årgangar om årsklasser over oss har problem med å stille lag. Dette er særleg aktuelt frå 13-14 års-alder.
7. Vi brukar gymsalane på skulane til dei yngste opp til og med 3. klasse. Det gjev plass til fleire og enklare logistikk for foreldra og støttar lokalmiljøet.

Topping og differensiering:

8. Opp til 14 år skal vi halde fokus på å utvikle ferdigheiter framfor å tenke resultat.
9. Det er ikkje lov å toppe lag før 14-årsklassen. Derimot vert det oppmuntra til ei viss differensiering i mindre delar av treningstida og til å sette saman grupper som har om lag same nivå og ferdigheiter. Men ingen skal differensiere i meir enn 20 prosent av ei treningsøkt. Hovudtrenar for ei gruppe pliktar å halde ekstra fokus på dei barna som treng det mest. Har vi mange lag i ein årsklasse skal dei setjast saman slik at dei vert jamne. Har vi tre lag i ein årgang 14+, skal berre det eine vere toppa på grunnlag av treningsinnsats og frammøte. Dei to andre laga skal settast saman slik at dei vert jamne. Men frå 13 år oppmuntrar vi samstundes dei mest treningsvillige til å delta i seriane for årgangen over i eit samarbeid med laga/trenarane somhøyrer til i desse årsklassene. Vi rullerer på posisjonane. Alle opp til og med 15 år skal øve på minst tre ulike posisjonar, medrekna målvaktene.

Treningsmengde og halltid

10. Frå 6 til og med 9 år tilbyr vi ei trening for veka i gymsal, pluss 3-4 større samlingar for alle på andre dagar i stor hall i tillegg til turneringar. For ti og elveåringane tilbyr vi to treningar per veke, der minst ein av desse bør vere i stor hall. For tolvåringane tilbyr vi to treningar i veka, om mogleg begge i stor hall, og oppmodar samstundes barna til å vere med på andre idrettar. Vi held likevel ope for ekstra treningar til aldersgruppa i helgene. 13 og 14 åringane får tre økter i hall i veka der minst to er i heil hall. Frå 14 og oppover tilbyr vi opp til fire treningar per veke. Men her skal og vere plass til dei som vil trene mindre. Mindre grupper bør kunne greie seg med halv hall til delar av treningane sine, for at alle grupper skal få nok tid i stor hall. Grupper med over 15 aktive bør ha meir enn ein trenar om dette let seg gjere. For miniane 6-10 år bør trenarfaktoren vere 1 trenar per fem barn.



Hospitering:

11. Spesielt motiverte spelarar skal få tilbod om hospitering i årsklassa over ein gong for veka. Dei bør vere minst to om gangen. Spelarane sine faste trenarar bør gjerne vere med. Hospitering skal tilbydast heilt opp til seniornivå. Kvar treningsgruppe pliktar å ta imot 3-6 spelarar frå årgangen under etter avtale på minst ei fast avtalt økt i veka. For 13 og 14 åringane våre skal hospiteringa fordelast over heile gruppa og etter ønska til spelarane. Vi spissar hospitering meir for årgangane 5-16 år. Normalt må det ikkje vere tvil om at spelarane skal ha primær tilhøyre i si eiga aldersgruppe. Unntaket er Bringsatsing og liknande som skal ha forrett når kampar og treningar kolliderer.

Tufta på Kunnskap

12. Treningstilboda våre skal vere kunnskapsbaserte så langt dette let seg gjere. Det betyr at alle som trenar yngre lag bør ha aktivitetsleiarkurs som eit minimum. Vi har skjerpa krava: Dei som trenar lag frå 6 år- til og med 9 år bør ha aktivitetsleiarkurset. Frå 10 år til og med 13 år bør trenarane ha trenar 1-kurs, (gammalt trenar 2) eller tilsvarende realkompetanse. Dei som trenar lag frå 14 år og oppover bør ha trenar 2 kurs. Dette er i tråd med krava/ønska til Norges handballforbund.

Sportslege mål

13. Vi er stolte av flaggskipa våre. Alle skal vere med og bidra til at kampene til damelaga og herrelag våre får gode rammer. Herre og damespelarane våre skal stå fram som gode føredøme og også vere med på å hjelpe til litt nedover i aldersrekkene. For dei neste to åra er målet å stabilisere damelaget i 3.divisjon og rykke opp til 3. divisjon med herrelaget. Vi oppmuntrar til at flest muleg av dei yngre er med på Sis- og regionale samlingar. Vi gjer det vi kan for å utvikle gode treningskulturar. Klubben ønskjer spissa satsing på Bring eller Lerøylag. Når det gjeld Bring-satsing og liknande skal vi sjå to eller fleire årgangar i samheng. Det vil og seie at i dei tilfella Bring-satsing/Bringkampar kjem i konflikt med dei vanlege seriane for årgangen, skal Bring-laget ha prioritet.

Styrestyrt.

14. Florø Sk handball skal vere styrestyrt, men vere bevisst at godt samarbeid med engasjerte trenarar og aktive foreldre er vilkåra for god drift og gode resultat. Sportsleg utval (SU) skal vere styrets fremste rådgjevar når det gjeld dei sportslege tilboda. Men SU skal også vere eit klageorgan ved konflikter i og mellom gruppene.

Skolering

15. Florø Sk handball driv aktiv skolering og rekruttering av trenarar og dommarar gjennom fleire årlege obligatoriske impulsamlingar og kurs. Alle 14-åringar og aktivitetsleiarar skal ha aktivitetsleiarkurs, og praksis med å leie SFO-grupper ein time for veka frå oktober til Påske. Alle 15-åringar skal gjennom eit kampleiarkurs. Målet elles er å rekruttere minst 2 nye dommarar til dommar 1 kurs kvart år.

Fleksibilitet

16. Det er eit mål å strekke oss så langt det går med å legge treningstilboda til tider og dagar som best muleg passar inn med skuledagane til ungdommane våre. Treningar for ungdom under 16 år bør ikkje avsluttast seinare enn kl 21:00 som hovudregel. Om det er muleg bør ein del treningar leggst i forlenging av skuledagen til dei som går i ungdomsskulen.



Videre er Florø SK Handball sitt handlingsprogram for perioden er basert på

- NHF Region Vest sitt handlingsprogram for perioden 2010-2023 er basert på
- Som igjen er basert på «Strategiplan 2019-2022 for Norsk Håndball».

RMKS: Den nye NHF sin Strategiplan 2019-2022 er i kraft, men NHF region Vest sitt handlingsprogram

STRATEGIPLAN 2019 – 2022 FOR NORSK HÅNDBALL

Del 1: Grunnlaget

Del 2: Plan med målsetninger og tiltak

Del 3: Forutsetninger

Del 1 - Grunnlaget

FORMÅL

Florø SK Handball skal lede, utbre, ivareta og utvikle håndballidretten i Florø og Kinn kommune, samt bidra aktivt til utviklingen regionalt.

VISJON

HÅNDBALL FOR ALLE I Florø/Kinn Kommune

Med slagordet

Flest mulig, lengst mulig og best mulig.

Florø SK Handball skal oppleves som en energisk og utviklende trenings- og kampaktivitet der spillere, trenere, dommere, ledere og foreldre deltar aktivt, og kampene følges av et entusiastisk publikum og engasjerte medier.

Florø SK Handball skal bidra til at Norsk håndball skal være en idrett som folk ønsker å tilhøre.

VERDIER

Florø SK Handball skal bygge på og kjennetegnes ved: **Den enkeltes tilhørighet, stolthet og engasjement for idretten vår.** Alle i klubben skal etterlever våre felles verdier i all virksomhet og aktivitet for norsk håndball på og utenfor banen.

Begeistring:

- For Norges Håndballforbunds posisjon og samfunnsoppgaver.
- For andres innsats for norsk håndball.
- I din egen utøvelse av oppgaver for norsk håndball.

Innsatsvilje:

- I gjennomføringen av oppgaver hver og en har påtatt seg for norsk håndball som tillitsvalgt og ansatt, som trener, spiller og dommer.
- Innovativ i vår oppgaveløsning.



Respekt:

- For organisasjonens lover, regler og beslutninger.
- For hverandre som medlemmer, spillere, trenere, dommere, ledere og ansatte.
- For hverandres meninger og synspunkter.
- For ulik kultur, etnisitet og seksuell orientering
- For samfunn og miljø i lokal, nasjonal og internasjonal sammenheng.

Fair Play:

- I utøvelsen av spillet.
- I utøvelsen av alt arbeid for organisasjonen som tillitsvalgt, ansatt, og dommer, trener og spiller

Del 2 - Plan med målsetninger og tiltak

Florø SK Handball følge NHF Region Vest og legger to av de strategiske målsetningene til NHF som grunnpilar for handlingsprogrammet:

- NHFs verdier og samfunnets etiske normer etterleves i alle sammenhenger &
- NHF har en tydelig demokratisk og verdibasert ledelse

Disse strategiske målene kan brytes ned i følgende setninger:

Gjennom vårt daglige virke skal enhver handling være preget og drevet av NHFs grunnverdier. NHFs virksomhet skal til enhver tid være innrettet i henhold til våre åpenhetsrutiner. Enhver ledelsehandling skal reflektere verdiene og det skal i stor grad benyttes delegering fra styret til gruppene og de ulike fagfunksjonene.

Følgende strategiske mål har vi brutt ned til mål og handlinger i Florø SK Handball sitt handlingsprogram:

1. Skal være den idrettsgren som har flest med lengst.
2. Skal ha seniorlandslag som kjemper om medaljer.
3. Skal ha trener-, dommer- og lederutdanning som sikrer høy kompetanse i alle deler og nivåer av organisasjonen.
4. Skal bidra til at Beach håndball øker sin oppslutning og omfang
5. Skal følge klubben og NHFs verdier og samfunnets etiske normer etterleves i alle sammenhenger.
6. Skal arbeide for økning av antall tilgjengelige spilleflater.
7. Skal arbeide for gratis halleie for barn og unge.
8. Skal være ledende og oppnå gode resultater (=økt deltakelse) innenfor integrerings- og inkluderingsområdet.
9. Skal i alle ledd være en kompetent, moderne og effektiv organisasjon.
10. Skal være ledende innenfor å utvikle og ta i bruk teknologi for å forenkle arbeidsprosesser på klubb-, regions- og forbunds nivå.



11. Skal være godt synlig innenfor medieområdet.
12. Skal synliggjøre sitt samfunnsengasjement.
13. Arrangementer skal være lønnsomme og skape oppmerksomhet.
14. Florø SK Handball skal ha en robust økonomi og tilstrekkelig økonomisk handlingsrom til å gjøre de rette tingene til rett tid.

Del 3 - Forutsetninger/langtidsbudsjett

1) Innledning

Forutsetninger og langtidsbudsjett er grunnlaget for å nå de strategiske målenehandlingsprogrammet 2021-2026 fastsetter.

2) Forutsetning

- a. Klubben må jobbe for en tettere dialog mellom Flora Videregående skole spesielt ved idrettslinja og klubben for å sikre en helhetlig utvikling av spillere, dommere og trenere.
- b. Klubben må jobbe for en tettere dialog med å rekruttere spillere fra andre klubber til Florø Videregående skole som kan trene og spiller for klubben.
- c. Klubben må jobbe for at Høyskolen på Vestlandet startet opp studie og klarer å rekruttere elever også fra vår klubb.
- d. Videre må klubben jobbe for at Fylket etter at Storhall i Vest er ferdig og tatt i bruk videreutvikler Florø Idrettssenter med 2-3 flerbruksflater, tentativt i 2023.
- e. Vurdere strategiske partnerklubbavtaler på både seniornivå og ulike alderstrinn.

3) Langtidsbudsjett

- a. 2021: kr 2.840.000.-
- b. 2022: kr 3.100.000.-
- c. 2023: Kr 3.400.000.-
- d. 2024: kr 3.750.000.-
- e. 2025: kr 4.100.000.-
- f. 2026: kr 4.450.000.-

Det er knyttet stor usikkerhet knyttet til langtidsbudsjettet. Den økningen vi hadde i perioden 2015 til 2019 kunne ikke videreføres i 2020 og budsjettet for 2021 og kanskje også 2022 må ses på som ekstraordinære både mht inntekter og utgifter for vi evt konsoliderer oss mer i 2023.